

SKAL DU MALE?
Vi leiger ut stillas og lift!
Utleige av skaphengar
og vanlege hengarar
Alle slags bil- og båtbatteri
GILLEN EGIL, 913 36 735

DIGITAL TRYKKING
Med vår digitale trykkmaskin tek vi på oss trykking av hefte og bøker. Opp til sideformat i A4, små og store opplag.
Vi løyser også andre digitale trykkopppdrag, alt frå visittkort til plakatar i storleik 33x66 cm.

Møre Aarflot Media
Tlf. 70 07 44 22
E-post: annonse@mre.no

Adresserefelt

Sorga sitt landskap kan ha lyse minnefargar

Har du mista nokon du er glad i? Det har Bjørg Folkestad Kile ifrå Folkestad gjort. Då ho var fire år, mista ho lillebroren sin. No har sunnmøringen gjeve ut si andre bok, og boktittelen på den nye boka er «Lillebror, hvor er du?». Bjørg har skrive teksten og hatt idéen til boka, medan det er Herdis Selnes som har illustrert boka.

– Eg har arbeidd med barn i 40 år i barnehagar og skular. Det har gjort at eg har fått erfaringar som eg vil dele med både barn, føresette, tilsette i barnehagar og skular – og andre som er i kontakt med barn. Eg har fleire bøker i hovudet, så eg håper dei etter kvart kjem seg ut derifrå og over til papirformat, seier Bjørg Folkestad Kile.

I haust har ho vore i heimbygda i Volda kommune, der ho og mannen har eit hus. Dei er busette på Roaldsøy i Stavanger, og det er i Rogaland ho har hausta mangeårige erfaringar med å arbeide saman med barn.

Barn har spørsmål

– Denne boka handlar om ei jente som misser lillebroren sin, og dei tankane jenta gjer seg, og dei prosessane ho går igjennom saman med familien sin. Boka er først og fremst skriven med tanke på born i alderen 3-6 år, men då eg var på skulebesøk tidlegare i haust, sa den skulen at boka også passa for 10-åringar.



* Herdis Selnes har illustrert boka som Bjørg Folkestad Kile har skrive teksten til og hatt idéen til. Bilda og teksten gjev lesarane høve til å samtale om både døden og livet. (Foto: Hjørdis Almelid Vikenes)

– Kvifor skriv du ei bok som handlar om det å miste nokon?

– Då eg var fire år, mista eg lillebroren min som var eitt år. Han døde på grunn av sjukdom. I skulesamanheng har eg møtt døden i form av at ein elev døde. I den samanheng hadde borna mange spørsmål kring dette med liv og død. Eg har brukt erfaringane eg har fått i løpet av mange arbeidsår i barnehagar og skular og sett saman ei bok som eg håper kan vere til hjelp for både barn og vaksne for å få gode samtalar kring dette med sorg, sakn og ikkje minst det å ha gode minne om andre i sorga sitt landskap. Herdis Selnes har laga flotte illustrasjonar til teksten min. Håpet er at teksten og bilda kan hjelpe andre til å snakke også om dei gode minna ein har etter dei som

er døde, og som ein saknar i kvar dagane.

Å gle seg

For forfattaren er det viktig å understreke at det også skal vere lov å vere glad igjen, sjølv om ein har mista nokon ein er glad i. Døden er ein naturleg del av livet, og det er sorga også.

– Eg var så heldig å få kjennskap til Herdis då eg var på eit skrivekurs i Italia saman med andre der som kjente henne. Vi har arbeidd oss fram og tilbake på dette bokprosjektet i godt fellesskap over litt tid. Boka er utgjeven på mitt eige forlag, Folkestad Forlag.

Biblioteksentralen har kjøpt inn boka. Det same har Universitetet i Stavanger, og bokhandlarar både i Stavanger og Volda har



* I heimbygda Folkestad på Sunnmøre har forfattar og lærar Bjørg Folkestad Kile vore nokre veker i haust. Til dagleg bur ho på Roaldsøy i Stavanger. Nyleg har ho gjeve ut boka «Lillebror, hvor er du?» som handlar om sjukdom og død – og dette å kunne gle seg over dei gode minna ein har om dei ein saknar. (Foto: Hjørdis Almelid Vikenes)

boka for sal.

– Førsteopplaget er på 500 bøker. Eg har så langt fått positiv respons på boka. Det er veldig spennande å gje ut bøker. Den første boka mi, med tittelen «En venn», vart også godt motteken. Ho var skriven med born i alderen 3-6 år som hovudmålgruppe, og tenkt som ei samtalebok om kva vennskap er for noko. Ho tenkjer

eg passar til ei samlingsstund, eller ei høgtlesingsstund. «Vennskapsboka» tek for seg det å ha vennskap på ulike måtar. Det var elles først då eg vart pensjonist at eg kunna ha fullt fokus på bøkene eg har gått og tenkt på i mange år, fortel Bjørg Folkestad Kile.

Hjørdis Almelid Vikenes

«Heimekontor-hub» i Smia?

Etter initiativ frå Hornindal grendeutval ser no Volda kommune på moglegheita for å etablere ein «heimekontor-hub» i kommunehuset Smia på Grodås.
– Vi håpar å vere klare til å byrje utleige rett over nyttår, seier kommunalsjef for samfunnsutvikling, Jarl Martin Møller.

Grendeutvalet i Hornindal meiner kommunehuset Smia bør marknadsførast som «heimekontor» for næringsdrivande som har jobb annan stad og treng eit kontor til å utføre jobben, og ber kommunen leggje til rette for dette.

– Vi er positive til ideen, og håpar å vere klare til å byrje

utleige av kontorplassar rett over nyttår, seier kommunalsjef for samfunnsutvikling i Volda kommune, Jarl Martin Møller, til Møre.

– Må smi medan jarnet er varmt

Hornindal grendeutval meiner ein «heimekontor-hub» som både er attraktivt for næringsdrivande og kan samle ulike kompetanse, vil kunne føre til næringsutvikling, nyetablering og heimflytting.

– Det hastar med å kome fram til ei god ordning slik at ein svare opp dei positive forventningane til dette

prosjektet. Meir enn nokon gong hastar det med å smi medan jarnet er varmt, seier dei.

– Vi må gjere litt tilpassingar før vi er klare til å lyse ut utleige

av kontora, men på slutten av året bør vi vere klar. Slik eg vurderer det treng ein ikkje noko politisk handsaming for å leggje til rette for dette tiltaket, seier kommunalsjef Møller, og held fram:

– Vi skal flytte all vår kommunale aktivitet til første etasje, så andre etasje kan leigast ut til heimekontor-hub. Volda kommune er oppteken av å leggje til rette for at det kan skapast arbeidsplassar, og Smia er eit bygg som kan ha potensial for tilføre private arbeidsplassar til Hornindal.

Allereie kontakta av interesserte
Grendeutvalet ønskjer også at kommunen legg til rette med utstyr til kontora, og at kommunen skal vere villig til å subsidiere desse kontorplassane i oppstartsfasen.

Møller seier dette ligg utanom kommunen si rolle, og syner i staden til etablerte ordningar.

– Dei som treng særskild støtte i oppstartsfase bør nytte seg av det «næringsapparatet» ein har tilgjengeleg i dag, som til dømes næringsfond, Kulturnæringshage og Hoppid.

Når det kjem til spørsmål om utleigepris, seier Møller det vil bli etter kommunen sine standardvilkår.

– Vi har allereie merka interesse for heimekontor-hub, og interesserte kan ta kontakt med kommunen si eigedomsavdeling.

– Gjer det enklare å flytte heim

Nordfjordakademiet er ein av dei har synt interesse for ideen om heimekontor-hub i Smia, og i ein e-post til kommunen seier dei seg

svært positive til tiltak som gjer det enklare for folk å flytte til Nordfjord:

– I den samanheng erfarer vi at det er fleire og fleire som tek med seg jobben når dei flyttar heim. Hornindal har mange av kvalitetane ein heim- og tilflyttar ser etter, med gode oppvekstvilkår og gode alternativ for bustad. Om ein då får på plass eit godt alternativ til eit «heimekontor» som gjer at ein ikkje må sitte heime på kjøkkenbenken meiner vi at dette vil styrke Hornindal som ein framifrå plass å flytte til. Det er òg mange gode ringverknadar av å samle folk frå ulike bedrifter og bransjar for å dele erfaringar.

ERLING OLAV STOREGJERDE